

Saksbehandlar: Helle Selseng, Administrasjon og innovasjon
Sak nr.: 19/22-18

Reglement for folkevalde organ Sogndal kommune - delegering og sakshandsaming

**Arbeidsgruppa rår formannskapet til å gje slik tilråding:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Reglement for folkevalde organ i Sogndal kommune – delegering og sakshandsaming blir vedteke slik det ligg føre.
2. Endring av komitane til utval slik at dette er i samsvar med ny kommunelov.
3. Endring av rådmann til kommunedirektør slik at dette er i samsvar med ny kommunelov.

Vedlegg:

Reglement for folkevalde organ Sogndal kommune – delegering og sakshandsaming

Vedlegg 1 til reglement folkevalde organ

Vedlegg 2 til reglement for folkevalde organ

Utkast til administrativt delegeringsreglement

Andre relevante dokument i saka:

Sak 106/20 i kommunestyret, 10.12.2020

SAKSFRAMSTILLING

Kommunestyret gjorde i sak 106/20, 10.12.2020 følgjande vedtak:

1. Kommunestyret vedtek at det kan gjennomførast fjernmøte for alle politiske organ, jmf. Kommunelova 11-7.
2. Det vert oppretta ei politisk arbeidsgruppe beståande av gruppeleiarane som skal kome med tilråding til nytt politisk reglement.
3. Vedteke politisk reglement vert vidareført med endringa i punkt 1.

Ei politisk arbeidsgruppe beståande av gruppeleiarane har no jobba med revidering av reglementet som vart lagt fram i desember 2020.

Innhaldet i vedlagt reglement har vore på høyring til dei ulike utvala og har vore gjennomgått i fleire møte i arbeidsgruppa.

Arbeidsgruppa har gått gjennom alle moment og har etter drøfting komme fram til vedlagt framlegg.

Den politiske organiseringa i Sogndal kommune er bygd opp av fleire råd og utval. Arbeidsgruppa tilrår at ein endrar komitane til utval slik at dette er i samsvar med ny kommunelov.

Vidare har ein i arbeidsgruppa hatt diskusjon på val av namn på rådmann. I utlysinga av ny rådmann har ein opna opp for namnet kommunedirektør. I tillegg er det fleire andre organ som i ettertid av kommunen sitt vedtak på rådmann har endra til kjønnsnøytralt namn. Arbeidsgruppa har etter drøfting komme fram til at ein vil tilrå namn i samsvar med kommunelova, som også er oppmoda til frå regjering og Storting. Ved vedtak om kommunedirektør får rådmannen mynde til å endre namnet i reglementet frå rådmann til kommunedirektør.

Den politiske organiseringa i Sogndal kommune er bygd opp av fleire råd og utval. Arbeidsgruppa tilrår at ein endrar komitane til utval slik at dette er i samsvar med ny kommunelov.

Det viktigaste føremålet med eit delegeringsreglement er å vise kven som, forutan kommunestyret, kan ta avgjerd på vegne av kommunen. Reglementet skal sikre at politiske organ og tilsette i kommunen, samt private partar og publikum elles, til ei kvar tid kan vere orientert om kven som har kompetanse til å ta ei avgjerd.

Forslaget til nytt reglement er på mange måter eit «standard reglement», oppbygd på same måte som fleire andre kommunar. Kommunestyret delegerer mykje av sitt mynde til andre politiske utval. Mynde blir i første rekke delegert til formannskap og ikkje-prinsipielle saker til rådmannen.

Rådmannen vil som oppfølging av endringane i reglementet justere det administrative delegeringsreglementet. I dette går det fram kva for avgjerdsmynde rådmannen har delegert til kommunalsjefar og andre tilsette.

Utkast til nytt administrativt reglement er lagt ved saka og blir gjort kjent for politisk nivå, som orientering.

Reglementet skal reviderast i løpet av våren 2023. I samband med revidering kan det drøftast om ein skal samle alle etiske retningslinjer i eit felles reglement for alle i Sogndal kommune, både for tilsette og folkevalde.